

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Formannskapet

**Møtedato:** 28.04.2021

---

**Arkivsaksnr.:** 21/2281-9

**Saksnr.:** 38/21

### Saksprotokoll - Ny gangbru i Sogndal kommune

**Handsaming:**

**Frå rådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Den nye gangbrua knytt til Fjordstien i Sogndal sentrum skal heite .....

**Habilitet:**

Formannskapet fann representanten Bjarte Stedje (Sp) gild til å delta i handsaming av saka.

**Endringsframlegg:**

**Bjarte Stedje (Sp)** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Den nye gangbrua knytt til Fjordstien i Sogndal sentrum skal heite Osenbrui.

**Prøverøysting:**

Det vart ikkje røysta over alternativet «Fjørakloppi», då det allereie eksistera ein stad i Sogndal sentrum med dette namnet.

Alternativet «Sikksakken» fekk 3 røyster frå Arnstein Menes (Sp), Svein Jarle Slinde (Sp) og Trude Risnes (V).

Alternativet «Vandrasaman-brui» fekk 2 røyster frå Stig Ove Ølmheim (Ap) og Vibeke Johnsen (Sv).

Framlegget frå Bjarte Stedje (Sp), «Osenbrui», fekk 4 røyster frå Bjarte Stedje (Sp), Magne Bruland Selseng (Sp), Frode Bøthun (KrF) og Gunnhild Bøyum (H).

**Avrøysting:**

Alternativet «Sikksakken» fekk 3 røyster frå Arnstein Menes (Sp), Svein Jarle Slinde (Sp) og Trude Risnes (V).

Framlegget frå Bjarte Stedje (Sp), «Osenbrui», fekk 6 røyster frå Bjarte Stedje (Sp), Magne Bruland Selseng (Sp), Frode Bøthun (KrF), Stig Ove Ølmheim (Ap), Vibeke Johnsen (Sv) og Gunnhild Bøyum (H).

**Dette gir følgjande vedtak:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Den nye gangbrua knytt til Fjordstien i Sogndal sentrum skal heite Osenbrui.